



KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN for prestar i Møre bispedømme

1. FUNKSJON OG FORANKRING

Planen har blitt til i eit samarbeid mellom Møre biskop og Presteforeninga i Møre. Jf Hovedavtalen § 12 g og § 22. Planen legg til grunn dei føresetnadane som er nedfelt i «Nasjonale kompetanseutviklingsplan for prester i Den norske kyrkje 2015-2020» vedtatt i Bispemøtet 15.10.2014 og i samsvar med Bispemøtets vegleing datert 21.08.2015.

Planen er vedteken av Møre biskop 01.09.2016 og gjeld frå 01.09.2016.

Planen vert rullert med same periodisering som den nasjonale kompetanseutviklingsplanen.

Kompetanseutvikling inngår som del av Møre biskops si leing av prestenesta.

Kompetanseutviklingsplanen skal liggje til grunn for arbeidet i det partssamansette Regionale etter- og vidareutdanningsutvalet (REU) jf Hovedavtalen i Staten om medbestemmelse og drøftingsrett.

Regionalt etter- og vidareutdanningsutval er slik samansett:

- arbeidsgjevar har 3 representantar: biskop, ein prost og fagansvarleg/sekretær
- arbeidstakarane sine fagorganisasjonar har 3 representantar utpeika gjennom Presteforeninga som den største faggruppa.
- Stiftelsesdirektør tiltrer ved budsjettsaker.
- Biskopen leier utvalet

Biskopen leier etter- og vidareutdanninga for prestane i bispedømmet innanfor vedteke budsjettammer og regelverk. Jf Tjenesteordning for biskoper § 2.

Prostane støtt biskopen i dette arbeidet, j.f. Tjenesteordning for proster §§ 1, 2 og 5. 2 leddet.

Bispedømmerådet er ansvarlig for kvart år å stille til rådvelde nødvendige økonomiske ramar til etter- og vidareutdanning for prestane.

2. STRATEGISKE MÅL

Planen gjeld for alle prestar i Møre bispedømme som har bispedømmerådet som arbeidsgjevar. Kompetanseutviklinga skal kome prestar i alle livsfasar til gode.

Prestane er del av ein arbeidsfellesskap i kyrkjelydane, difor vil planen også opne for støtte til prestar som tek del i tverrfaglege tiltak.

2.1 OVERORDNA MÅLSETJING

Som overordna målsetting vises det til «Strategiske mål for kompetanseutvikling» kap 3 i Nasjonal kompetanseutviklingsplan (Bispemøtet 2014):

- Å tolke og formidle kyrkja sin bodskap i møtet med ei kritisk tenkjande samtid.
- Å bidra til fornya kyrkjeleg engasjement i møte med endra oppslutning om dåp, konfirmasjon, gudstenester og anna liv i kyrkjelydane.
- Å gjere tydeleg kyrkja si rolle som kulturbærer og ressurs i møte med religiøse, kulturelle og samfunnsmessige utfordringar.

Det er ein del av grunnlaget for tenesta at prestane fordjupar seg i Skriftene og den kristne trua og set av tid til studium og fornying. Jf ordning for «Vigsling til prestejeneste» (ordinasjonsliturgien) og Tjenesteordning for prester § 2.

2.2 REGIONAL MÅLSETJING

Her vert tema og målsetjingar for ein fireårsperiode nærare omtalt, relatert til bispedømmet sine planar og strategiar og nasjonale målsetjingar.
(Sjå tillegg)

3. HANDLINGSMÅL OG TILTAK

Handlingsmål og tiltak vert delt i to hovedgrupper: breddetiltak og dybdetiltak. Breddetiltaka vert retta mot alle prestane på bispedømmeplan eller prostiplan. Dybdetiltaka siktar mot enkeltprester som søker fagleg fordjuping gjennom nasjonale kurs og samlingar eller gjennom eigenbaserte kurs.

3.1 BEDDETILTAK

Tiltak på bispedømmenivå

- Prestekonvent
- Studiereiser
- Stiftsdagar
- Tverrfaglege kurs

Tiltak på prostinivå

- Felles kursopplegg for prestelaga i alle prostia

Tiltak på individuelt nivå

- Prosten syter for at prestane utarbeider individuelle kompetanseutviklingsplanar knytt til arbeidsplanane.

3.2 DYBDETILTAK

Tiltak nasjonalt nivå

- Emnekurs relatert til nasjonale føringar frå kyrkjemøtet og bispemøtet
- Pastoral klinisk utdanning (grunnutdanning og vidareutdanning)
- Arbeidsvegleiing (grunnutdanning og vidareutdanning)
- Åndeleg vegleiing (grunnutdanning og vidareutdanning)

Tiltak på bispedømmenivå

- Særskilte emnekurs utarbeid på bispedømmenivå basert på føringar frå biskop og prostar, utvikla av REVU

Tiltak på prostinivå

- Prestelaga i prostiet under leiing av prosten held tradisjonelle studiesamlingar med sjølvvalgte studieemne
- Prostibaserte kurs (innkjøpte)
- Studiereiser tilrettelagt av prosten og prostilaget

Tiltak på individuelt nivå

- Eigenutvikla studieopplegg som vert omsøkte og godkjende gjennom REVU

3.3 RESSURSAR I KOMPETANSEUTVIKLINGA

I kompetansearbeidet vil bispedømmet nytte dei føringane som vert lagde av Bispemøtet gjennom Nasjonal kompetanseutviklingsplan og elles gjere bruk av ulike fagmiljø. .

- 1) Dei teologiske fakulteta når det gjeld
 - mastergrad i praktisk teologi
 - særskilt utvikla kurstilbod
- 2) Andre høgskular og universitet når det gjeld
 - ordinære studietilbod som kan nyttast som etter- og vidareutdanning
 - særskilt utvikla kurstilbod
- 3) Kyrkjerådet og Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon når det gjeld
 - særskilt utvikla kurstilbod
- 4) Andre kyrkjelege, offentlege eller private institusjonar
 - som tilbyr kurs eller fagsamlingar
- 5) Faglege ressursar internt i bispedømmet
 - som utviklar kurs eller fagsamlingar

3.4 STUDIEMODELLAR

I Møre bispedømme vert desse studiemodellane nytta:

- 1) Mastergradsprogram i praktisk teologi – individuelle kurs
 - Gjeld kurs som gjev studiepoeng på universitetsnivå.
 - Søknader vert handsama i REVU.

Til dette programmet er det mulig å ekvivalere heile eller enkeltmodular frå det tidligare programmet «Spesialist i praktisk prestetjeneste» (SPP)

- 2) Mastergradsprogram i praktisk teologi - prostibaserte studieopplegg
 - Gjeld kurs som gjev studiepoeng på universitetsnivå. Tildeling av stipend og permisjonar bør rullerast mellom dei ulike prostia i Møre.
 - Søknader vert handsama i REVU
- 3) Eigenbaserte studieopplegg
 - Studieopplegget gjev ikkje studiepoeng med mindre programmet anten på førehand er godkjent som poenggjevande av ein faginstitusjon, eller at det i etterhand kan ekvivalerast og verte godkjent som del av eit mastergradsprogram.
 - Søknader vert handsama i REVU.

Det vert i alle høve stilt krav om ein prosjektbeskrivelse, fagleg vegleiar, litteraturliste og berekning av kostnader.

- 4) Studieopplegg utvikla lokalt eller i bispedømmet og som har eit fagleg nivå som REVU kan godkjenne
 - Eit slikt studieopplegg gjev ikkje studiepoeng med mindre programmet anten på førehand er godkjent som poenggjevande av ein faginstitusjon, eller at det i etterhand kan ekvivalerast og verte godkjent som del av eit mastergradsprogram.

- Søknader vert handsama i REVU.

Det vert i alle høve stilt krav om ein prosjektbeskrivelse, fagleg vegleiar, litteraturliste og berekning av kostnader.

- 5) Felles studiereiser
 - REVU bør innan for kvar rulleringsperiode ta initiativ til eit større reiseopplegg som tek sikte på fagleg kompetanseutvikling, her under medrekna studiereiser til Møre sine vennskapsbispedømmer.
 - studiereiser bør innehalde kursmodular som er poenggjevande til eit masterprogram.

3.5 ANDRE STUDIEMODELLAR SOM IKKJE ER REVU-RELATERTE

- 1) Andre kompetanseutviklingsprogram:

Lokale forankra tilbod

- dagskurs, kortare fagsamlingar, tverrfaglege samlingar mv.
- Biskopen disponerer som arbeidsgjevar ein eigen budsjettpost til deltaking på aktuelle dagskurs eller liknande.
- Prestar har høve til å søkje biskopen direkte om tilskott til deltaking på slike tiltak.
- Søknader vert avgjort administrativt hjå biskopen.
- *Slike samlingar er ikkje poenggjevande.*

- 2) Arbeidsvegleiing ABV

- Deltaking i gruppebasert- eller individuell vegleiiing er ein del av prestane si faglege og personlege utvikling og er i seg sjølv kompetansefremjande.
- *Slik deltaking er ikkje poenggjevande.*
- Godkjent utdanning som arbeidsvegleiier er poenggjevande i eit mastergradsprogram.

- 3) Åndeleg vegleiiing AVL

- Deltaking i retreat eller individuell vegleiiing er en del av prestane si faglege og personlege utvikling og er i seg sjølv kompetansefremjande.
- *Slik deltaking er ikkje poenggjevande.*
- Godkjent utdanning som åndeleg vegleiiier er poenggjevande i eit mastergradsprogram

3.6 KOMPETANSEUTVIKLING FOR PROSTAR

- 1) Det ordinære kompetansutviklingsprogrammet for prestar

- Prostar vert handsama på lik line med dei andre prestane som søker gjennom REVU om kurs knytt til eit masterprogram eller andre kurs- og studievariantar

- 2) Eige kompetanseutviklingsprogram for prostetenesta

- *Biskopen legg til rette for eit eige program retta mot sjølve prostetenesta. Dette programmet ligg utanfor REVU sitt mandatområde.*

3.7 SAMVIRKE MELLOM BISKOP, PROSTAR OG REVU

Biskop er den øverste leiaren av prestetenesta i bispedømmet (jf Tj.ord. for biskoper § 2). Prosten leier prestetenesta i prostiet og bistår biskopen i embetsutøvelsen. (jf Tj.ord. for proster §1). I denne relasjonen er prosten tillagt eit særleg ansvar for at prestar til ein kvar tid utviklar kompetansen sin. Tjenesteordning for proster § 5 2.ledd uttrykkjer dette slik: «Prosten skal stimulere prestene til etterutdanning og bidra til at de opprettholder og utvikler sin kompetanse i samsvar med fastsatte mål og planer». REVU er i denne samanhengen å oppfatte som eit møteplass mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar innan kompetanseområdet i samsvar med Hovedavtalen i Staten som heimlar medbestemmelse og drøftingsrett (jf kap 4).

Biskopen

- samrår seg med prostane og REVU om aktuelle behov for kursinnhald og kursprofilar
- utpeiker ein av prostane til medlem i Regionalt etter- og vidareutdanningsutval

Prosten

- har ansvar for sjå til prestane si etter- og vidareutdanning
- legg til rette for deltaking i nasjonale- og regionale kurs og tilbod
- syter for jamn fordelinga av permisjonar og stipend mellom prestane
- medarbeidersamtalen som «sted» for individuell avklaring av kompetansemålsetjingar og individuell kompetanseplan.

REVU tilrettelegg for etter- og vidareutdanning

- gjennom formidling av kurs og tilbod
- ved å utvikle eigne kurs på vegne av biskopen og bispedømmet sine målsetjingar og planer.
- REVU kan oppnemne eit arbeidsutval (AU) til å førebu saker og kursopplegg. mm

4. RAMMER

4.1 OMFANG AV ETTER- OG VIDAREUTDANNING OG ØKONOMISKE RAMMER

Det skal fastsetjast eit intendert omfang (normering) av EVU-studiar slik at ein kan rekne ut ein målbar årleg produksjon av studiepoeng. Normeringa vert fastsett av biskopen.

Biskop og bispedømmeråd

tek stilling til i kva grad etter-og vidareutdanning skal vere fullfinansiert eller delfinansierast med eigenandelar.

Bispedømmerådets

skal i sitt årlege budsjett sette av ein eigen post til etter- og vidareutdanningsarbeidet. Budsjettposten er å forstå som tilskot til stipend og vikarordningar.

REVU

gjev kvart år innstilling til bispedømmerådet si budsjettbehandling om den økonomiske ramma som verksemda treng.

Andre måtar å finansiera gruppebasert studieprosjekt.:

Poenggjevande prostibaserte kurs kan søkje til Akademisk Studieforbund gjennom Presteforeningen på adressen aks@prest.no

4.2 ORDNINGAR FOR STUDIEPERMISJON

REVU har gjer vedtak om ein vegleiarnde fordelingsnøkkel mellom ulike kurs- og studietilbod fordelingsnøkkel. Gjeldande nøkkel:

Individuelle masterprogram	1/4 (3/12)
Prostibaserte masterprogram	1/2 (6/12)
Individuelle egenbaserte	1/12 (1/12)
Studiereiser	1/6 (2/12)

Søknader til etter- og vidareutdanning

- skal fremjast gjennom bispemøtet sitt kompetansekart innan 15.september om hausten (hovedtildeling) og 15.mars om våren (resttildeling).
- REVU kan også handsame søknader som ikkje ligg føre til ordinær frist. Ev. kan normalvilkåra då fråvikast.
- Prosten gjev påtekning i kompetansekartet med ev tilråding av permisjon og stipend.

Til alle søknader skal det fylje med prosjekttale, litteraturliste, budsjettoppstilling,, opplysning om fagleg vegleiar,

REVU

- gjev tilråding om studiepermisjon
- tek avgjerd om tildeling av stipend
- tek avgjerd om ramme for vikardekning

Prosten

- legg til rette for om og når studiepermisjonen kan takast ut, koordinerer og godkjenner ev kollegiale vikarordningar
- Administrer gjeldande vikarordning

Vikar

- vert tildelt i samsvar retningsliner som er avtalt mellom bispedømmerådet og REVU

Studiepermisjon

- vert normalt gjeve med heil løn.
- Det vert normalt ikkje gjeve meir enn 60 dagar (5 dagar pr veke) studiepermisjon pr person pr søknad
- REVU følger elles dei tilrådingar som vert gjeve frå kursarrangøren

Stipend

- er å forstå som eit tilskot til utgifter knytt til kursavgifta, opptaksintervju, reise til/frå, losji, litteratur og ev honorering av vegleiar etter reglar som vert fastsette av REVU.
- Stipendet vert utbetalt til personen etter nærare avtale med biskopen.

Eigenandel

- Det kan skiljast mellom storleiken i høve til pålagt- eller frivillig etter- og vidareutdanning.
- Biskopen fastset ein delingsnøkkel i samråd med bispedømmerådet.
→ *Døme på fordeling praktisert i anna bispedømme:*
 - 0 % støtte til eige opplegg som ikkje gjev poeng
 - 80% støtte til frivillig etter- og vidareutdanning
 - 100% støtte til pålagt etter- vidareutdanning

Rapportering

- Studierapportar skal leverast til REVU elektronisk med kopi til prosten.
- Ved einskilde permisjonar kan det og bli bede om ein presentasjon av stoffet t.d. i prostilaget eller anna forum i samråd med biskopen .
- Stoff frå studie og rapportar kan gjerne formidlast gjennom ulike media og i samfunns- og kultursamanhengar.

5 RISIKOFAKTORAR

- innstramming av økonomiske rammer fra år til år
- avlyste kurs
- manglande opptak
- tilgang på vikarar
- ubesatte stillingar som hindrer permisjonar
- arbeidsplanar og manglande erfaring med utrekning av arbeidstid